



Morten Nilsen kan opna Vertshuset i morgon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I morgon kan Morten Nilsen som planlagd opna Vertshuset etterat rådmannen har gjeve grønt lys for skjenkeløyve med ordinær skjenketid.**

**Vertshuset har ikkje fått skjenkeløyve til diskotek/nattklubb med utvida skjenketid, men som andre skjenking fram til klokka 24 og 01, opplyser saksbehandlar Mette Guddal.**

Lensmannen gjekk i mot utvida skjenketid. Han viser til at talet på valdsaker gjekk ned med cirka 30 prosent frå det tidspunktet skjenketidene vart redusert. Lensmann Jan Fosse ser ein klar samanheng mellom utvida skjenking av alkohol, valdsaker og andre samfunnsmessige problem. Derimot hadde lensmannen ingen merknad til bar/restaurant med servering og ordinære skjenketider.

Saka var oppe i formannskapet 3. juni og rådmannen fekk der fullmakt til å innvilga søknaden på vilkår av positive uttalar frå lensmannen og tiltaks- og rådgevingkontoret for vaksne.

Både Morten Nilsen og stedfortredar Eline Tangen Vaage har dei nødvendige kunnskapsprøver.

Av Ola Matti Mathisen